

Kva skal skje i kjellaren?

06.05.2013



Kva skal skje i kjellaren? Det veit ingen i dag (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Utvikling fekk avslag i kommunen då dei søkte om kommunalt byggjetilskot til kjellaren i Gamleskuen for dette året og no har saksbehandlar Linda Øen grunngeve avslaget nærmare

Ho skriv at grunngevinga var både manglande midlar og at det var uklart kva lokala skal nyttast til. Men ho legg til at UU er velkomne til å søkje på byggjetilskot ved seinare høve og ber då om at dei legg fram planar for bruk av lokala.